



Miljøverndepartementet
avdeling for regional planlegging
Postboks 8013 Dep
0032 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
01/00232 - 005343/02	TE	OLA	L00 &00		15.04.02

FORSLAG TIL ENDRINGAR I PLAN- OG BYGNINGSLOVA - TIDSFRISTAR I PLANBEHANDLINGA

Dette skrivet går også som e-post

Viser til høyringsnotat datert 04.03.02.

Frå Voss kommune vil vi avgrense oss til å peike på nokre element.

Kommunen sluttar seg spesielt til at det vert innført tidsfrist for motsegn ("innsigelse").

Kommunen har heller ikkje vesentlege innvendingar mot at det vert innført ymse tidsfristar for behandling av reguleringsplaner og utbyggingsplaner ("bebyggelsesplaner"). Dei tidsfristar som er tilrådd er i det store og heile akseptable. Det skal likevel knytast til ein del merknader.

1. Private reguleringsforslag

Det framgår av notatet fylgjande:

- Det skal gjelde spesiell frist for behandling i det faste planutvalet.
- Dersom planutvalet fremjar forslaget reknast forslaget i den vidare behandlinga ikkje lenger som privat (som no). Behandlingsfristane vidare vil då vere som for dei planene kommunen sjølv har initiert.

Resultatet vert at:

- Dei private planane må i første fasen prioriterast framfor kommunen sine egne. Dette kan synast heller tvilsamt, m.a. ut frå det faktum at for lokalsamfunnet totalt sett er kommunen sine egne planar oftast viktigare enn dei private.
- Også i den vidare behandlinga vil desse planane i realiteten verte prioriterte. Dette fordi kommunen sine egne planer av kapasitetsgrunnar og nemnde prioritering ikkje har kome gjennom den første fasen, først vil kome gjennom på eit seinare tidspunkt.

Det er vidare eit faktum at for mange av dei private reguleringsforslaga er dei offentlege interessene for realisering av den utbygginga e. l. som planen tek sikte på mindre enn for kommunen sine egne planer. Døme på dette vil vere planer for hyttefelt. Her vil situasjonen ofte vere at kommunen ynskjer å legge til rette for at dei private interessene som står bak tiltaket skal få moglegheiter til å realisere utbygginga medan kommunen ikkje ynskjer å engasjere seg utover å legge tilhøva til rette gjennom planbehandlinga.

I slike høve verkar det lite rimeleg at planane skal sidestillast med kommunen sine eigen planer i dekkinga av arbeidet med saksførebuing, kostnader med kunngjering, event kostnader med undersøking som andre mynde måtte krevje m.v. Departementet bør her føreta ein gjennomgang av kva gebyr som kan påleggjast og kva faktiske kostnader som kan krevjast dekkja av initiativtakaren. Det kunne også vere aktuelt å definere slike planer som private gjennom heile planprosessen.

2. Saker som utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU)

Ein del planforslag utløyser krav om KU. Her vil dei dei tilrådde tidsfristar ikkje vere realistiske.

3. Tidsfrist for fråsegner frå andre mynde

Det er i dag klart eit reelt problem for effektiv framdrift av planbehandlinga at det tar for lang tid å få fram turvande fråsegner frå andre mynde. Skil kommunen kunne halde den tilrådde fristen for andregangsbehandling, må dette gjerast noko effektivt med. Notatet tilrår ikkje ein eksplisitt frist, men viser til minimumsfristen på 30 dagar i § 27-1.

I Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyringsnotat av 25.01.02 om andre endringar i PBL, er tilsvarande frist sett til 4 veker.

Problemet er spesielt knytt til fråsegn frå kulturminnemynde (i praksis fylkeskommunen), som med heimel i kulturminnelova har ein frist på 3 mnd, og som i nokre høve kan utvidast med 1 mnd ekstra. I tillegg er praksisen, i alle høve hos nokre fylkeskommuner, at event motsegn føreset politisk behandling. Event kombinasjonar med ferie for admin og folkevalde organ hos fylkeskommunen forverrar i tilfelle problematikken ytterlegare. Her er det med andre ord i dag tale om heilt andre fristar enn det som no er intensjonane i notatet. Departementet bør ta initiativet til turvande samordning av dei aktuelle lovene.

4. Mekling ved motsegn

Notatet har som føresetnad at event mekling primært skjer mellom behandlinga (andregangs) i det faste planutvalet og sluttbehandlinga i kommunestyret.


Uheldige kombinasjonar av vanskar med å få gjennomført meklinga og ferie for kommunestyret, kan gjere det vanskeleg å halde tidsfristen for behandling i kommunestyret.

5. Kva er saksbehandling

Om fase 4 under pkt 2.6 i notatet framgår m.a. fylgjande *"Etter koplanutvalgets sluttbehandling vil saksbehandlingen være fullført i kommunen - -"*

I det etterfylgjande gjer notatet greie for ei rekkje operasjonar som både tar tid og som til vanleg vert rekna som saksbehandling.

Med helsing



Ola Folkestad
teknisk sjef